

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Høringsuttale til forslag om endring i barnehageloven – Utvidelse av retten til barnehageplass og innføring av minimum to årlege barnehageopptak

- ◆ Forslag a:
To årlege opptak. Barn som fyller eitt år i september eller oktober har rett til plass innan **februar året etter**.
- ◆ Forslag b:
To årlege opptak. Barn som fyller eitt år i september eller oktober har rett til plass innan utgangen av **oktober same år**.

Bergetippen barnehage har diskutert forslaga i samarbeidsutvalet, og ser at det er ulike meiningar om forslaga alt etter kva perspektiv ein ser det ut frå. Eit andre opptak har økonomiske og strukturelle konsekvensar, men også konsekvensar for korleis det pedagogiske arbeidet kan planleggast. Vi vil vektlegge at det er viktig å ivareta kvaliteten på barnehagetilbodet samstundes med at ein vil gje utvida rett til barnehageplass. Det er ikkje vanskeleg å sjå behovet for utvida rett til barnehageplass, men det er ei utfordring at så mange barnehagar har for få førskolelærarar og mange dispensasjonar. Dersom ein utvida rett til barnehageplass vil gje fleire dispensasjonar, er det eit stort dilemma.

Administrativt/pedagogisk perspektiv:

Generelt er utvida rett til barnehageplass positivt, og målet må vere at det gjeld for alle uansett fødselsdato. I eit samfunn med auka mobilitet er tilgang på barnehageplassar viktig. Mange kommunar treng å rekruttere arbeidskraft til sine bedrifter, og å kunne tilby barnehageplassar innan rimeleg tid er vesentleg for rekruttering og bulyst i kommunane.

Kommunen har, lik mange andre, eitt hovudopptak for året og deretter fortløpande opptak og tildeler plass om nokon sluttar eller justeringar når barn fyller tre år og frigjer plassar. Det vil seie at eit supplerande opptak gjerne skjer ved årsskiftet. Personalressursen er då fast gjennom heile året og i samsvar med eit fastlagt årsbudsjett.

Forslag a vil gje ein ny periode med tilvenning seint i barnehageåret og verke inn på barnegrupper og pedagogisk arbeid som er godt etablert. Avdelingsbarnehagar må gjerne flytte barn mellom avdelingar, og det kan skape uro og omstart på mange ting. **Forslag b** vil gje ein lengre tilvenningsperiode på hausten, men likevel meir stabilitet gjennom heile året samla sett.

Forslag a vil langt på veg vere slik ein praktisera det no, og er det forslaget som er ønskeleg av dei to.

Erfaringa er likevel at ved hovudopptaket blir alle plassar tildelt til dei som har rett på plass, så med dagens rammer er det ikkje rom for overkapasitet for å handtere eit andre opptak i februar. Her er det treårsregelen som gir rom for justeringar og supplerande opptak. Kommunar må ha tid og økonomi for å bygge nytt og berekne den foreslåtte overkapasiteten. Generelt er å bemerke at ein overkapasitet på kvalifisert personale er ein fordel for det pedagogiske arbeidet, - det vil gje mindre behov for vikarar og meir stabil personalgruppe. Ein arbeidsgjevar må handtere ein overkapasitet på personale på ein ryddig måte, slik at tilsettingar og arbeidsavtalar er forutseibare for arbeidstakarane.

Søknadsfristar:

Kvar kommune må kunne fastsette søknadsfristar, slik at det er tilpassa administrative rutiner hos den enkelte og slik at retten blir ivareteken. Eit eventuelt andreopptak i oktober kan samkøyrast med hovudopptaket. Det gjer det enklare å handtere administrativt. Det gjer det også meir oversiktleg for søkerane om dei kan halde seg til ein søknadsfrist.

Foreldreperspektiv:

Samarbeidsutvalet meiner at det for foreldra og barna sin del er ein fordel med minst to opptak i året. Det er positivt med ein utvida rett, men hjelper likevel ikkje dei som er født etter oktober og kan måtte vente nesten eit år på å få barnehageplass. Foreldre har erfart at dagen sin rett til plass slår uheldig ut når det gjeld dei som har barn fødde seint på året og når ein flyttar til anna kommune i eit barnehageår. Å få barnehageplass vil då kunne ta lang tid. Det vart bemerka at i høyringnotatet frå departementet er det vist til eksempel frå dei nordiske nabolanda, der både Danmark og Finland har løpande opptak og korte fristar for å kunne tilby plass. Det viser at det i praksis er mogleg å gjennomføre, men ein veit likevel ikkje kva dette inneber av kvalitet på det pedagogiske arbeidet. Kvalitet og godt pedagogisk arbeid i barnehagen er viktig, så foreldra vektlegg at ein utvida rett til barnehageplass ikkje går ut over kvaliteten på tilbodet.

Forslag a vil gje meir uro gjennom barnehageåret, med ny tilvenningsperiode og oppbrudd av etablerte grupper og venskap. Samarbeidsutvalet vektlegg stabiliteten for barna sin del. Elles er ein vante med at det er endringar i løpet av eit barnehageår, med justeringar når barn fyller tre år og det vert ledig kapasitet.

Samarbeidsutvalet er også opptatt av korleis kommunar konkret kan planlegge handtere ein overkapasitet eller ein mest mogleg riktig kapasitet til ei kvar tid. Det vil mellom anna måtte bety å sjå etter sambruk av lokale, kanskje større samarbeid mellom skolar og barnehagar der det ligg til rette for det, slik at ein kan tilpasse drift etter behov.

For Bergetippen barnehage
Berit Drejer – styrar